



BREMNES SEASHORE



RAPPORT ETTER  
OPENHEITSLOVA  
2023

# Innhald

<b>SELSKAPSSTYRING</b>	<b>3</b>
Konsernets organisering .....	3
Dei tilsette.....	3
Vårt strategiske rammeverk .....	4
Våre produkt og marknader.....	5
Konsernets Compliance-program.....	5
<b>AKTSEMDVURDERINGA</b>	<b>7</b>
Oppfølging av leverandørar .....	7
Risikobasert utveljing.....	7
<b>RESULTAT AV AKTSEMDSVURDERINGANE</b>	<b>10</b>
<b>TILTAK OG VIDARE OPPFØLGING</b>	<b>10</b>
Konklusjon .....	11

# Innleiing

Truverd er ein av Bremnes Seashore sine verdiar. Vi jobbar systematisk for å sikre menneskerettar og gode arbeidsforhold i heile verdikjeda, med klare forventningar til våre leverandørar.

Vi følger lovkrav og med høg fokus på etisk forretningsframferd fortsett vi å bygge compliance-kultur i eige konsern og hos våre leverandørar. Dette gjer oss til ein påliteleg leverandør av kvalitetslaks.

Openheitslova frå 1. juli 2022, bygger på OECDs og FNs retningslinjer for menneskerettar. Vi gjer kontinuerlege risikovurderingar for å førebygge og redusere brot på menneskerettar og arbeidsforhold. Vi skal kartlegge og vurdere negative konsekvensar for menneskerettane knytt til vår verksemد.



## Selskapsstyring

Bremnes Seashore-konsernet består av morselskapet Bremnes Seashore AS og datterselskapa Seashore Land AS, Seashore Sjø AS, Seashore Industri AS, Seashore Shipping AS, Salmon Brands AS, og Sjór AS. Rapporten gjeld for alle selskapa i konsernet.



### KONSERNETS ORGANISERING

Seashore Land AS står for landbasert smolt- og postsmoltproduksjon, Seashore Sjø AS står for akvakulturproduksjon i sjø, Seashore Industri AS står for slakting, pakking og foredling av laks, Seashore Shipping AS har ansvar for innleie av brønnbåtar og maritime servicetenester, Salmon Brands AS står for marknadsføring, sal og distribusjon av SALMA-produkt og Sjór AS sel, distribuerer og eksporterer heifisk og foredlak.

Salmon Brands har datterselskap i Sverige og Frankrike. Sjór har datterselskap i Kina.

Konsernet er organisert i dei tre kjerneverksemdeoppdrett, industri og marknad, i tillegg til konsernfunksjonane strategi, finans, HR, utvikling og Compliance. Dette har ført til tettare integrasjon av funksjonar på tvers av selskapa.

Bremnes Seashore AS er i tillegg mindretalsaksjonær i fleire selskap, med 33,33 prosent av aksjane i Tytlandsvik Aqua AS, 16,67 prosent i AS Sævareid Fiskeanlegg og 5 prosent i Tubilah AS.

### DEI TILSETTE

573 personar var tilsett i konsernet ved årsskiftet til 2024. Hovuddelen av konsernets drift er i Noreg, med lakseproduksjon i fylka Rogaland og Vestland, slakteri og administrasjon i Bømlo kommune og salsavdelingar i Bergen og Oslo.


Konsernet har tilsette lokalisert i kommunane Bergen, Bømlo, Oslo, Sandnes, Stavanger, Strand, Sveio, Ullensvang og Vindafjord, og i tillegg i Sverige, Frankrike og Kina.

Selskapet er leia av konsernsjef Linda Littlekalsøy Aase. Ansvar for arbeidet med menneskerettar og anstrengde arbeidsforhold er lagt til Compliance-avdelinga, og Compliance-direktør rapporterer til konsernsjef.

## VÅRT STRATEGISKE RAMMEVERK

Konsernet sitt overordna strategiske rammeverk er utvikla for å byggje posisjonen vår med bakgrunn i forventa marknadsutvikling og skal peike ut retninga for alle aktivitetane i verdikjeda.

Konsernet sin visjon er at vi set standarden for kvalitetslaks. Som selskap og tilsette skal vi kvar dag leve opp til verdiane våre - utvikling, truverd og arbeidsglede. Dei styrande prinsippa lønnsemd, folk, fisk og miljø er førande for kjerneverksemndene sine eigne forretningsstrategiar. Vi trur at ved å ta vare på folka våre, syte for frisk og fin fisk samtidig som vi vernar om miljøet rundt oss, så fører det til auka lønnsemd.



## VÅRE PRODUKT OG MARKNADER

Salsselskapa Salmon Brands og Sjór eksporterer produkta våre, og produkt kjøpt frå andre oppdrettarar og slakteri, til over 40 land. Alle Bremnes Seashore sine produkt er basert på laksen som råvare: Heil laks, laksefilet med og utan skinn, loins, porsjonsprodukt og ferdigvareprodukt (burger, røykelaks osb).

Produkta blir selde ferske eller frosne, og går til kundar for vidaresal til horecamarknaden eller til konsumentar, i tillegg til ulike formar for foredling. Vi sel også SALMA-produkt direkte til konsumentmarknaden i nokre land.

## KONSERNETS COMPLIANCE-PROGRAM

Bremnes Seashore sitt arbeid med Compliance, inkludert etterleving av openheitslova, er forankra i konsernstyret. Compliance-arbeidet er kontinuerleg. Oppdatering av internt rammeverk og opplæring av eigne tilsette i god forretningsetikk er høgt veklagt.

### Vår etiske standard

Alle våre tilsette går gjennom årleg trening i vår [Code of Conduct](#), vår etiske standard. Standarden er delt opp i ein generell og innleiingsdel før sjølve etterlevingsreglane kjem i tre delar:

- Vi bryr oss om folk
- Vi gjer det som er rett – forretningspraksisen vår
- Vi vernar om konsernet vårt

Desse delane inkluderer mellom anna helse, miljø og sikkerheit, menneskerettar, mangfold, vårt samfunnsansvar, korruption, gåver og representasjon, interessekonfliktar, konkurranserett, eksportkontroll og sanksjonar, bedrageri.

FN sine rettleiande prinsipp om næringslivet og menneskerettar, OECD sine retningsliner for fleirnasjonale selskap og regjeringa sine forventingar til norsk næringsliv ligg til grunn for vår Code of Conduct, og det same gjer internasjonalt anerkjende menneskerettsstandardar, ILO sine kjernekonvensjonar og arbeidsmiljølova. Sjå Code of Conduct for fullstendig versjon.

Code of Conduct legg grunnlaget for korleis tilsette og andre som representerer konsernet skal gå fram i etiske spørsmål, for leiarar sin framferd og for korleis konsernet som heilskap skal samhandle med omverda.

Alle leiargrupper og avdelingar med høgare risiko gjennomfører dilemma-trening med eit Compliance-team årleg. Relevante dilemma frå deira arbeidskvardag blir sett opp mot tema i Code of Conduct for ein god diskusjon.



## Inkluderande og likestilt arbeidsmiljø

Det arbeidast kontinuerleg for å fremje eit inkluderande og likestilt arbeidsmiljø. Likestilling i leiarposisjonar er ein av konsernets viktigaste berekraftsmål. Arbeidet med å fremme likestilling og identifisere risikoar for diskriminering er ein integrert del av partssamarbeidet, vernearbeidet og administrasjonen sitt rapporterings- og forbettingsarbeid. Spørsmål om arbeidsmiljø, jobb-privatliv-balanse, mobbing og trakassering inngår i den årlege medarbeidarundersøkinga. I tillegg er arbeidsmiljø, likestilling og utvikling ein del av rapporteringa til styret.

## Varsling

Konsernet har prosedyre for varsling, både frå tilsette og frå eksterne interesserantar, og det er oppretta eit digitalt varslingsmottak. Revisjons- og rådgjevingsselskapet Ernst & Young AS si granskingsseining mottar varsel på konsernets vegner, gjer ei innleiande vurdering av varselet og gir tilrådingar til varslingsgruppa i Bremnes Seashore. I 2023 er det ikkje mottatt nokon varsel. Konsernet jobbar kontinuerleg med auka kjennskap til varslingskanalen og å styrke varslingskulturen.

## Etterleving

Jamlege internrevisionar og leverandør-revisionar gir oss innsikt i kva område vi, og våre leverandørar, må arbeide vidare med. I tillegg til interne revisionar i eige selskap og i leverandørleddet, tok vi i mot eit betydeleg tal eksterne revisionar frå styresmakter, sertifiseringsordningar og kundar.

Tverrfaglege ressursgrupper i dei ulike kjerneverksemndene i konsernet har som oppgåve å utvikle betre og meir heilskapleg prosedyrar for risikoområde i drifta vår. Ved å sikre samsvar mellom risiko, prosedyreverk og opplæring skal vi styrke oss som lærande organisasjon, der vi tar lerdrom av hendingar og uheldig praksis for å bli enda betre i framtida.

Vi gjennomfører årlege interessentmøte ved alle våre anlegg. Her drøftar vi med naboar, lokale organisasjonar, sivile foreiningar og offentlege styresmakter korleis vår drift påverkar lokalsamfunna. Ordinære innspel og klager frå eksterne interesserantar blir følgt opp i intern-kontrollsystemet. Vi har i tillegg dialog med sentrale kompetansemiljø og sivil-samfunnsorganisasjonar, og har det siste året hatt møte mellom anna med Raftostiftinga og LO si internasjonale avdeling.

## Riskostyring

Konsernet gjennomfører årlege risikovurderingar for alle avdelingar, som ein del av det systematiske intern-kontrollarbeidet. I tillegg gjennomfører vi risikovurderingar ved endringar i drift og etter eventuelle alvorlege hendingar.

Vi arbeider for å sikre eit heilskapleg risikobilde for konsernet som inkluderer finansiell, strategisk og regulatorisk risiko. Heilskapleg risikostyring vil bidra til at konsernet når sine strategiske mål.

For menneskerettar og anstendige arbeidsforhold har risikoanalysen avdekkha høgast risiko for uanstendige arbeids-forhold i underleverandørleddet, som er vurdert som svært sannsynleg og kritisk for menneske. Noko lågare, men på raud risiko, kjem menneskerettsbrot mot eksterne interesserantar og at leverandørar driv uetisk verksemd. I tillegg har vi identifisert raud risiko for at konsernet blir brukt i forsøk på kvitvasking, noko vi følgjer opp i vårt kontinuerlege arbeid med motpartskontroll, prosedyreutvikling og internkontroll.

Forhold som er knytt til eiga drift har lågare risiko. Vi viser til årsrapporten med vedlegg for nærmare informasjon om vårt arbeid med HMS, likestilling og inkludering.





## Aktsemdvurderinga

### OPPFØLGING AV LEVERANDØRAR

Openheitslova og venta miljølovgiving frå EU (Corporate Sustainability Reporting Directive og Corporate Sustainability Due Diligence Directive) legg sterke vekt på påverknaden leverandørar og forretningspartnerar har på omgivnadene. Dette er ei utvikling som Bremnes Seashore er førebudd på. Vi gjennomfører risikovurderingar før vi inngår avtalar med leverandørar.

Ein eigen [Code of Conduct](#) for forretningsforbindelsar gjer tydeleg ansvaret som følgjer med å gjere forretningar eller samarbeide med Bremnes Seashore. I våre standardvilkår i leverandøravtalar ligg mellom anna krav om leverandørar sine etiske plikter og krav til løns- og arbeidstilhøve og helse, miljø, og sikkerheit. I tillegg har vi krav om medverknad og innsyn i samband med våre aktsemdvurderingar etter openheitslova.

### RISIKOBASERT UTVELJING

Talet på leverandørar og vidare ut i underleverandørleddet er stort. Det er nødvendig med ei risikobasert utveljing av kva leverandørar vi skal gjennomføre aktsemdvurdering av. For utveljing er risikoanalysen operasjonalisert for leverandørleddet ved å vurdere dei mot:

- **Link to business** – kor nært vi er knytt til leverandøren
- **Bransjerisiko** – kva bransjar har særleg høg risiko for brot på menneskerettane
- **Landrisiko** – kor er det større sannsyn for brot på menneskerettane
- **Alvorsgrad** – kva er dei mest alvorlege brota som vi må ta tak i først
- **Påverknadskraft** – har vi, åleine eller saman med andre, verktøya for å bidra til endring

### Link to business

Der vi kjøper varer eller tenester for større beløp hos leverandøren og der leveransane er avgjerande for vår produksjon og drift, vil vår knyting til leveransen (link to business) vere stor. Tilsvarande vil tette samarbeid med leverandøren knyte leveransane nærmare oss. Vi har difor prioritert ned små, sporadiske eller kortvarige innkjøp – og innkjøp som ikkje er kritiske for vår verksemد. I tillegg har vi lagt mindre vekt på innkjøp der vi ikkje forventar å bruke leverandøren vidare.

**Bransjerisiko**

Etter vår kjennskap til verdikjeda i lakseproduksjon og basert på OECD sine sektorretteiarar har vi vurdert risikoen i eiga leverandørkjede. Vi har identifisert følgjande bransjar i leverandørledda med høgare risiko:

Leverandørtypen	Risikobransje	Menneskerettsrisiko	Del av verdikjeda
Fôrproduksjon <sup>1 2 3</sup>	Produksjon av landbrukråvarer	Barnearbeid, arbeidstakarrettar, lokalsamfunn sine ressursar, urfolksrettar	Oppdrettsproduksjon: • Seashore Land AS • Seashore Sjø AS
	Fangst av marine råvarer	Tvangsarbeid, barnearbeid, arbeidstakarrettar	
IKT-utstyr <sup>4 5</sup>	Mineralutvinning	Barnearbeid, arbeidstakarrettar, lokalsamfunn sine ressursar	Alle selskap i konsernet
Arbeidsklede <sup>6</sup>	Klesproduksjon	Barnearbeid, arbeidstakarrettar	Oppdrettsproduksjon: • Seashore Land AS • Seashore Sjø AS • Seashore Industri AS
Transport av produkt <sup>7</sup>	Vegtransport	Arbeidstakarrettar	Distribusjon til utlandet: • Sjór AS

**Ref.**

1. OECD-FAO Guidance for Responsible Agricultural Supply Chains - [Lenke](#)
2. Roundtable Outcome Document – Human Rights in the Salmon Farming Industry – The Rafto Foundation, The Institute for Human Rights and Business, The Danish Institute for Human Rights - [Lenke](#)
3. ILO Forced Labour and Human Trafficking in Fisheries - [Lenke](#)
4. OECD Due Diligence Guidance for Responsible Supply Chains of Minerals from Conflict-Affected and High-Risk Areas - [Lenke](#)
5. The Danish Institute for Human Rights - [Lenke](#)
6. OECD Due Diligence Guidance for Responsible Supply Chains in the Garment and Footwear Sector - [Lenke](#)
7. Roundtable outcome document – Human Rights in the Salmon Farming Industry – The Rafto Foundation, The Institute for Human Rights and Business, The Danish Institute for Human Rights - [Lenke](#)



### Landrisiko

Ernst & Young har tidlegare kartlagt våre transaksjonar mot sju anerkjende indeksar for menneskerettar, korruption, samfunnsutvikling, miljø, likestilling og arbeidstakarrettar. Undersøkinga avdekkar landrisiko, og kontrollerer i tillegg om motpartane har selskapsrisiko for skatteunndraging og sanksjonar. Undersøkinga avdekkar risiko knytt til våre direkte motpartar. Følgjande indeksar ligg til grunn for vurderinga av landrisiko:

- Corruption Perception Index (CPI)  
– korruption
- Anti-Money Laundering Index (AML)  
– kvitvasking
- Environmental Performance Index (EPI)  
– miljø
- Gender Inequality Index (GII)  
– kjønnslikestilling
- Global Gender Gap (GGG)  
– kjønnslikestilling
- Global Rights Index (GRI)  
– arbeidstakarrettar
- Human Development Index (HDI)  
– levekårsutvikling

Med bakgrunn i avdekkta landrisiko i kartlegginga peikar leverandørar innan transportleddet seg ut. Årets aktsemdsvurderingar har bygd på denne gjennomgangen.

### Alvorsgrad

Basert på avdekkta land- og bransjerisiko i leverandørleddet har vi kartlagt kva moglege menneskerettsbrot i leverandørkjeda som vil vere særleg alvorlege, og har i dei vidare vurderingane lagt vekt på risiko for brot på følgjande menneskerettar:

- Barnearbeid
- Arbeidstakarrettar
- Tvangsarbeid og moderne slaveri
- Lokalsamfunn sine ressursar
- Urfolksrettar

### Påverknadskraft

Konsernet har størst høve til å bidra til endring der vi har påverknadskraft på leverandørane. Dette kan vere der vi, åleine eller saman med andre, er ein stor og langvarig kunde av leverandøren. Der vår leverandør er ein viktig kunde for sine underleverandørar, kan vi saman med vår leverandør også utgjere ein større skilnad. Vi kan gå saman med andre aktørar, anten gjennom bransjesamarbeid, samarbeid i verdikjeda eller samarbeid med arbeidstakar- eller sivilsamfunnsorganisasjonar, noko som også vil kunne auke påverknadskrafta vår.

Vi har difor prioritert å gå vidare med vurderingar av leverandørar der vi er ein betydeleg kunde for leverandøren og der vi og leverandøren har forventningar om eit langvarig samarbeid. Vi har også prioritert område der det er mogleg å gå saman med andre aktørar for å auke påverknadskrafta, då vi meiner dette vil gje størst effekt.

## Resultat av aktsemdsvurderingane

Etter dei føregåande kartleggingane har gjennomført integritetsundersøking av:

- to fôrleverandørar
- ein leverandør av arbeidsutstyr og - klede
- ein leverandør av IKT-utstyr

For transportleddet har vi bygd vurderingane på rapportar frå eit eksternt kompetansemiljø.

Vår interne gjennomgang for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold inkluderer organisasjonsfridom og arbeidarrepresentasjon, at dei tilsette kan varsle ved kritikkverdige forhold og har tilgang til informasjon om arbeidstakarforskriftar. Alle tilsette har arbeidsavtalar og anstendig lønn. Verksemda har system for å sikre arbeidstimar og arbeidstid. Det førekomer ikkje barnearbeid eller tvangsarbeid i konsernet. Konsernet sin etiske standard inneholder retningslinjer for menneskerettar som inkluderer trakkassering og diskriminering.

I vår integritetsundersøking av utvalde leverandørar har vi etterspurt verksemdas selskapsstyring, gjennom deira etiske retningslinjer, høve til å varsle om kritikkverdige forhold, om dei

gjennomfører revisjonar og aktsemds-vurderingar av deira leverandørar. I tillegg etterspør vi informasjon om sosial berekraft som mellom anna likestilling, integrering og mangfold.

Bremnes Seashore har per i dag ikkje avdekka faktiske brot gjennom aktsemds-vurderingane på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Arbeidet med aktsemdsvurderingar held fram.

Vi har avdekka vesentleg potensiell risiko for brot knytt til fôrproduksjon, IKT-utstyr, arbeidsklede og transport av våre produkt. Denne risikoen er ikkje særskilt knytt til våre leverandørar, men er basert på kjend bransjerisiko.

Nye og eksisterande tiltak som er sett i verk i Bremnes Seashore for å redusere risiko:

- Fôrvatalane stiller strenge krav til leverandørane sitt arbeid med menneskerettar, og vårt handlingsrom ved avdekka brot eller vesentleg risiko
- Forsikra oss om at dei vi har gjennomført integritetsundersøkingar av igjen gjer det same av sine leverandørar
- Menneskerettspraksis og etiske pliktar er del av alle rammeavtalar og oppdragsavtalar som blir inngått
- Risikovurderingar av nye avtalar for etisk forretningsframferd
- Gjennom samarbeid med andre, styrke påverknadskrafta vår på leverandørar i menneskerettssporstmål. T.d. oppdrettnettverket Salmon Group som mellom anna samordnar innkjøp av fôr. Gjennom samla innkjøp får vi forhandla om større samla volum, noko som aukar påverknadskrafta vår i dialogen med leverandørane.

## Tiltak og vidare oppfølging

- Selskapets ESG-arbeid er flytta til Compliance-avdelinga, mellom anna for å sikre samanhengen mellom arbeidet med openheitslova og eksisterande og ny lovgiving for sosial berekraft
- Deltaking i bedriftsnettverk om ESG, sosial berekraft og menneskerettar
- Dialog med dei tillitsvalde i verksemda
- Dialog med sivilsamfunnsorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og kompetansemiljø

Bremnes Seashore ønskjer ikkje å seie opp avtaler eller bryte samarbeid dersom vi blir kjend med kritikkverdige forhold. Vi ønskjer heller å gå i dialog der det er mogleg, for å bidra til endring av de kritikkverdige forholda.

**KONKLUSJON**

Vi fører vidare det systematiske arbeidet med risikostyring og etisk forretningsframferd i konsernet. Dette gjer vi gjennom risikovurderinger, gjennomføre nye intern- og leverandørrevisjonar, selskapsgjennomgang for eiga verksemd og oppdatering av [Code of Conduct](#). Vi vil også føre vidare arbeidet for kompetanseheving og bevisstgjering, mellom anna med dilemmatrening.

Vi meiner at vårt strategiske rammeverk, våre verdiar og prinsipp, kombinert med opplæring i Code of Conduct, bidrar sterkt i det haldnings- og åtferdsskapande arbeidet i konsernet – som vi ser igjen i tilsette som tar gode val gjennom arbeidsdagen.

Samla sett har desse tiltaka styrka betydeleg den samla risikoforståinga og -styringa, og informasjonsflyten til leiinga om potensielle risikoområde. Dette arbeidet vil halde fram også i åra framover.

Linda Littlekalsøy Aase  
**konsernsjef**

Signert for Bremnes Seashore AS

Jan Sverre Røsstad  
**styreleiar**

Olav Svendsen  
**styremedlem**

Laila Knarvik  
**styremedlem**

Silje Kathrine Alvsvåg  
**Compliance-direktør**

Bjørn Willy Sæverud  
**styremedlem**

Nils Viga  
**styremedlem**

Tonje Michaelsen-Svendsen  
**styremedlem**

Hans Petter Nesse  
**styremedlem**

Vibece Sørvik  
**varamedlem (tilsettrepresentant)**

Simen Birkelund  
**styremedlem (tilsettrepresentant)**

Signert for Seashore Land AS, Seashore Sjø AS, Seashore Industri AS, Seashore Shipping AS, Salmon Brands AS, Sjór AS

Linda Littlekalsøy Aase  
**styreleiar**

Laila Knarvik  
**styremedlem**

